Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Astrid Holte, 5557 2319

Vår dato
02.06.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2014/11990 471
Dykkar referanse

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS
Lindåsvegen 1260
5956 HUNDVIN

Rapport frå inspeksjon ved biloppsamlingsplassen på NGIR 27. mai 2015

Rapportnummer: 2015.056.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Rune Ones
Roger Fjellsbø
Olav Aase
Bjarne Nesse

Frå Fylkesmannen i Hordaland
Hallvard Hageberg
Idris Abdeh
Astrid Holte

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Handtering av farleg avfall
- Internkontroll

Avvika er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

NGIR må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. september 2015** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Hallvard Hageberg e.f.
senioringeniør

Astrid Holte
senioringeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: NGIR v/Rune Ones

1. Informasjon om verksemda

Namn: Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS	**Risikoklasse:** 3
Besøksadresse: Kjevikdalen	
Postadresse: Lindåsvegen 1260, 5956 Hundvin	
E-post: post@ngir.no, ones@ngir.no	**Telefon:** 56 34 33 10
Kommune: Lindås	**Organisasjonsnr.:** 974702568
Bransjenr. (NACE-kode): 38.210 - Behandling og disponering av ikke-farlig avfall	**Eigar (org.nr.):** 856167402
Løyve gitt: 21. september 1982	**Siste tilsyn:** 11. juni 2011

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne.

Biloppsamlingsplassane tar imot kasserte kjøretøy for miljøsanering og vidare levering til opphogging. Dette tilsynet er gjennomført som del av ein landsdekkande aksjon med biloppsamlingsplassane. Målet med aksjonen er at miljøsanering og lagring av bilvrak skal føre til mindre forureining.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Miljøsanering av kasserte kjøretøy
- Forsøpling
- Fast dekke
- Oljeutskillar og utsleppskontroll
- Handtering av farleg avfall
- Internkontroll inkludert risikovurdering, rutinar og handtering av avvik

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. september 2015** sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan **1. september 2015**, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

4. Kontrollgebyr

NGIR skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12 200 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- avfallsforskrifta kapittel 4 om kasserte kjøretøy
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- løyve til mottak av bilvrak av 21. september 1982

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik**: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevnaden (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad**: eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Handtering av farleg avfall har manglar

Avvik frå:

- Avfallsforskrifta §11-8, om krav til levering av farleg avfall
- Avfallsforskrifta §11-5, om lagring av farleg avfall

Kommentar til regelverket:
Levering av søl og restar frå miljøsanering og pressaft som farleg avfall
I avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall er det sett krav til at farleg avfall skal leverast til mottak for farleg avfall. Søl og restar frå miljøsanering og pressaft frå pressing av bilvrak er farleg avfall som skal samlast opp og leverast til godkjent mottak.

Pressafta kan òg innehalde stoff som ikkje vert fanga opp i oljeutskillaren, og stoff som reduserer reinseeffekten fordi det vert danna emulsjonar.

Lagring av farleg avfall
Farleg avfall skal lagrast slik at det ikkje fører til fare for forureining. Det innebèr mellom anna at ein må kunne samle opp evt. søl og at lageret er verna mot ytre påverknad.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Søl og restar frå miljøsanering
Under område for miljøsanering er det tette oppsamlingskar for oppsamling av søl og restar. Ved reingjering av oppsamlingskara vart det faste stoffet samla opp og levert som farleg avfall, mens det flytande vart spylt ut i oljeutskillaren. Søl og restar frå miljøsaneringa kan innehalde stoff som ikkje vert fanga opp i oljeutskillaren, og stoff som reduserer reinseeffekten fordi det vert danna emulsjonar.

Pressaft
Etter miljøsanering vart bilvraka pressa i ei faststående presse som sto utandørs på asfaltert område. I pressinga vil restar av væske frå bilvraka, kalla pressaft, renne ut. Pressafta vart ikkje samla opp, men området hadde avrenning til oljeutskillar.

Lagring av farleg avfall
Demonterte oljefilter vart lagra i 200 litersfat som hadde merke av oljelekkasje. Fatet sto på palle under tak og på betongdekke med avrenning til oljeutskillar. Det var ikkje lagt til rette for oppsamling av søl frå lagringa. Også bensinfilter vart lagra på same måte, men desse fata hadde ikkje merke av lekkasje ved tilsynet.

Tre IBC med farleg avfall vart lagra utandørs utanfor saneringshall. Lageret var rett ved sluk med avrenning til oljeutskillar, slik at oppsamling ved lekkasje vil vere vanskeleg.

To plastdunkar med blylodd sto lagra ute. Den eine var fylt med regnvatn.

Avvik 2: Internkontrollen har manglar

Avvik frå:
- § 5 punkt 6 i internkontrollforskrifta om risikovurdering, jf avfallsforskrifta kapittel 4 vedlegg 1 punkt 1 om krav til område for lagring av bilvrak og punkt 5 om oppbevaring og behandling av bilvrak
- § 5 punkt 7 i internkontrollforskrifta om rutinar, jf kapittel 15 i forureiningsforskrifta om oljehaldig avløpsvatn

Kommentar til regelverket:
Risikovurdering
Internkontrollforskrifta kapittel 5 punkt 6 set krav til at verksemda må kartlegge fare for forureining og vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal ein utarbeide planar og tiltak for å redusere risikoforholda.

Krav til dekke
I avfallsforskrifta kapittel 4 om kasserte kjøretøy er det mellom anna krav at område for lagring av usanerte bilvrak skal ha fast ugjennomtrengjeleg dekke (normalt betong) på passande areal. Med passande areal er meint at arealet må vere stort nok til å lagre bilvrak som fører til fare for forureining. Lagring utanfor slikt dekke berre kan gjerast dersom

verksemda har eit godt system for vurdering av fare for forureining for kvart bilvrak. Dette må omfatte vurderingar ved mottak og lagring av bilvraka, og inngå i verksmeda si risikovurderinga.

Stabling av bilvrak
I punkt 5 i vedlegg til kapittel 4 i avfallsforskrifta står det at oppbevaring og handtering av kasserte bilvrak skal utførast på ein slik måte at ein i størst mulig grad unngår skade på komponentar som inneheld væske eller på komponentar og delar som kan gå til gjenvinning.

Stabling av usanerte bilvrak medfører ekstra mekanisk påkjenning på dei vraka som ventar på miljøsanering. Auka fare for utslepp som følgje av slik stabling må derfor vurderast særskilt saman med eventuelle tiltak for å redusera risikoen.

Rutinar
Internkontrollforskrifta kapittel 5 punkt 7 set krav til at verksemda må ha skriftlege rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. I forureiningsforskrifta kapittel 15 er det krav til at utslepp frå oljeutskillar ikkje skal innehalde over 50 mg/l olje. For å sikre at utsleppet ikkje inneheld for mykje olje, må prøvene vère representative, det vil mellom anna seie at dei må takast i rennande vatn og under normalt vèr og drift, og prøvetakingsutstyret må vere eigna til føremålet. Glassflaske er standard ved uttak av prøver for oljeanalyse.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Risikovurdering av mottak og plassering bilvrak
Når kasserte kjøretøy kjem inn på området vert bilvrak som utgjer ei fare for forureining miljøsanert rett etter mottak. Andre bilar vert plassert på asfaltert område med avrenning til oljeutskillar mens dei ventar på miljøsanering. Verksemda manglar skriftleg risikovurdering for mottakskontrollen og vurdering av fare for forureining ved plassering av usanerte bilvrak på asfalt.

Risikovurdering av stabling av bilvrak
Det vart under tilsynet opplyst at ved stor pågang måtte bilar stablast i høgda for å ha plass til mottekne vrak. Risikovurderinga omfatta ikkje vurdering av om lagring av bilvrak i høgda kan føre til skade på komponentar som inneheld væske, og dermed lekkasje av miljøfarlege stoff.

Rutine for utsleppskontroll
Prøver frå utslepp frå oljeutskillar vart tatt med plastbøtte i stillestående vatn. Rutine for prøvetaking sikra ikkje at prøvene vart representative.

8. Merknader
Vi har ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

9. Andre forhold

Handtering av katalysatorar
Verksemda demonterer brukte katalysatorar frå bilvraka. Katalysatorane vert levert til NBF, som tar imot slikt avfall i Noreg.

Miljødirektoratet har i samband med biloppsamlingsaksjonen (men etter at tilsyna i var gjennomført) avklart ansvar for klassifisering og krav til dokumentasjon ved levering av brukte katalysatorar. Vi vil i denne aksjonen bringe denne informasjonen om regelverket vidare, slik at verksemda kan innrette seg etter dette i framtida. Vi vil følgje opp praksis ved seinare tilsyn.

Farleg avfall eller ikkje
Brukte katalysatorar kan vere både ordinært og farleg avfall, avhengig av kva dei inneheld (sjå Miljødirektoratet sin rettleiar om handtering av farleg avfall frå 2004, side 20 og 21). Det er avfallsprodusenten sitt ansvar å avgjere om katalysatorar er farleg avfall eller ikkje, jamfør § 11-12. I "Kommentarer til avfallsforskriften" står det at "*Virksomheter skal kjenne egenskapene til sitt eget avfall og om nødvendig oppsøke konsulent eller lignende for å få avfallet beskrevet*." Sidan avfallet kan vere farleg avfall, skal det reknast som farleg inntil det motsette er vist. Verksemdene må etablere rutinar for å vurdere om katalysatorar er farleg avfall eller ikkje.

Dokumentasjon
For levering av katalysatorar som avfall må biloppsamlingsplassen ha ein av følgjande dokumentasjonar

- Dokumentasjon som viser at katalysatoren ikkje er farleg avfall (test av denne eller tilsvaranda (til dømes same modell), vurdering frå konsulent eller liknande)
- Deklarasjonsskjema
- Eksportdokumentasjon (notifikasjon og følgjedokument)

Nytt løyve
Verksemda har i dag fleire løyve som er gamle og ikkje i tråd med dagens praksis. Dei har derfor sendt søknad om oppdatert utsleppsløyve som for tida er til handsaming.

I nytt løyve må verksemda forvente krav om at usanerte bilvrak ikkje kan lagrast i høgda, og at dei må lagrast på tett, ugjennomtrengjeleg dekke.